



leiarar og arbeidstakarar

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3317 - 14/13193

Saksbehandlar:

Kjetil Morken

kjetil.morken@radoy.kommune.no

Dato:

04.12.2014

Arbeidstid julaftan, nyårsaftan og onsdag før skjærtorsdag for arbeidstakarar med ordinær dagarbeidstid - presisering

I oktober 2013 skreiv rådmannen om arbeidstid for arbeidstakarar med ordinær dagarbeidstid , og kva dei skal arbeide julaftan, nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag.

Brevet peikar på kva som fastset arbeidstid for tilsette i kommunar.

I hovudtariffavtalen (HTA) er det to bestemmelsar som verkar inn på arbeidstid for arbeidstakarar med ordinær dagarbeidstid, i samband med julaftan m.v. Det er HTA kap 1 § 4.6:

«4.6 - Helgeaftener o.l.

Arbeidstakere med ordinær dagarbeidstid slutter arbeidet, uten trekk i lønn, kl. 12.00 onsdag før skjærtorsdag, pinse-, jul- og nyttårsaften. Ovennevnte arbeidstakere med tjeneste på lørdag gis fri påskeften uten trekk i lønn.»

Og HTA kap 1 §4.2.1

«4.2.1 - Kontoradministrasjon

Kontoradministrasjonens ordinære arbeidstid skal være den som nå gjelder i den enkelte kommune, dog ikke ut over hva som følger av pkt. 4.2.» (37,5 t/v)

Det er slik at normalarbeidstida for alle med dagarbeidstid er til kl 12:00 jul-, nyårsaftan og onsdag før skjærtorsdag.

Unnataket er i Radøy kommune kontoradminstrasjonen julaftan og nyårsaftan. Andre kommunar har større skilnad på arbeidstid på kontoradminsitrasjon og andre arbeidsplassar i kommunen enn kva Radøy. Det avheng av kva arbeidstid ein hadde ved kontoradminsitrasjonen per 1/1 1987.

Arbeidstid for kontoradministrasjon er å forstå slik at tilsette i sentraladministrasjon (råhuset) skal ha den arbeidstida dei hadde når arbeidstidsreduksjon ble gjennomført. 1. januar 1987 ved overgang til 37,5 t/v . Det som var tariffmessig rett arbeidstid per denne dato, er tariffmessig rett arbeidstid også i dag.

For Radøy kommune inneber dette fri for arbeid på julaftan og nyttårsaftan, men arbeid fram til 12 onsdag før skjærtorsdag

Andre avdelingar med dagarbeidstid som har stengte tenester, har fri då dei har arbeidd inn arbeidstida gjennom td. personalmøter og anna arbeid gjennom året.

For å klargjere praksis og freiste å få til ein varig lik praksis, vil rådmannen liste opp kven som har rett til fri julaftan og nyttårsaftan utan trekk i løn, samt kven som etter rådmannen sine opplysningar har felles ordning om å arbeide inn arbeidstida og halde tenestene stengt julaftan og nyttårsaftan.

Med bakgrunn i dette gjer rådmannen følgjande føringar for arbeidstid jul og nyttårsafta for dagtilsette i Radøy kommune.

Følgjande arbeidstakarar med dagarbeidstid har fri utan trekk i løn julaftan, og nyttårsaftan.:

- tilsette i kontoradministrasjon ved **rådhuset**.

Følgjande har fri grunna stengte tenester og har arbeidd inn arbeidstida.

- tilsette ved Helsehuset
- tilsette ved NAV Sosial
- tilsette ved barnehagane
- tilsette ved barnevern, PPT og Psykisk helse
- Radøy arbeidssenter
- Tilsette ved biblioteket

Andre arbeidstakarar med dagarbeidstid har følgjande arbeidstid:

Slutter arbeidet, uten trekk i lønn, kl 12:00 onsdag før skjærtorsdag, jul- og nyttårsaftan. Jf HTA kap 1 §4-6

Dette inneber at arbeidstakarar med dagarbeidstid har arbeidstid fram til kl 12:00 julaftan og nyttårsaftan. Dersom dei ønskjer fri desse dagane må dette gjerast med avspasering eller ev trekk i løn eller avvikling av ferie. Ved ferie vert fråvær rekna som ein feriedag avvikla.

Fri desse dagane må avtalast og godkjennast av næraste leiar.

Arbeidstakarar med dagarbeidstid som har arbeidstid til kl 12:00 jul og nyttårsaftan er mellom anna desse:

Ikkje uttømmmande lista opp:

- Vaktmeistrar
- Driftspersonell teknisk drift
- Arbeidstakarar ved dagavdelinga
- Frivilligsentralen
- tilsette ved heimetenesta med dagarbeidstid.

- tilsette ved Velferdssenteret med dagarbeidstid.

Med helsing

Kjetil Morken
personalsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
leiarar og arbeidstakarar